

MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 27-28.10.2016
STAD: Geilo, Vestlia Resort

Desse møtte på Hallingtinget:

<u>Hol kommune</u> Petter Rukke Sigrid Simensen Ilsøy Matias Eide Sataøen Nina Dalen Petter Braaten	<u>Hemsedal kommune</u> Oddvar Grøthe Maria Jartman (sak 8,9,10) Petter Owesen Ingar Nergård
<u>Ål kommune</u> Solveig Vestenfor Tore Bøygard Torleif Dalseide Torhild Helling Bergaplass Anne Vettern Grøthe	<u>Nes kommune</u> Tore Haraldset Gerd Jorde Endre Storhaug Astrid Brattested Torill Thømt
<u>Gol kommune</u> Heidi Granli Helge Feet Svein Eide Roger Toppen Herbrand Jegleim	<u>Flå kommune</u> Tor Egil Buøen Kristin Gullingsrud Geir Vidme Merethe Elisabeth Høntorp Gandrud Ole Kristoffer Grimeli

Av rådmennene møtte: Lars Ole Skogen, Hol kommune, Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune (dag 1), Ole Johnny Stavn, Hemsedal kommune, Torbjørn Hansen, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune (dag 1).

Administrasjon Regionrådet

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
 Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte: Anne Sandum, fylkeskontakt (dag 2), Iselin Haugo (dag 2) Sigurd Fjose, regionkontakt

Rådsordfører Oddvar Grøthe opna Hallingtinget

Protokolltilførsel frå Roger Toppen

Sakene var sendt ut for seint. Var sendt ut ei veke i framkant av Hallingtinget og skal sendast ut to veker før møte.

SAK 08-16 HØYRINGSMØTE NÆRPOLITIREFORMA

Til saka møtte politimeister Christine Fossen, lensmann Geir Vidme Flå lensmannskontor, lensmann Brit Fyksen Gol og Hemsedal lensmannskontor, lensmann Pål Kasper Mikkeldrud Ål lensmannskontor, lensmann Torstein Seim Hol lensmannskontor og seksjonsleiar for nærpolititi og beredskap Jan Koldal.

Politimeister Christine Fossen gikk gjennom rapport om forslag til effektivisering av geografiske driftseiningar, tenesteeiningar og tenestestader i politidistrikt Sør-Øst.

I tillegg til konkrete spørsmål deltok Hallingtinget aktivt med synspunkt.

Tema som vart drøfta, i stikkordform var m.a:

- inndeling i geografiske driftseiningar (GDE)
- tal på tenesteeiningar
- lokalisering av tenestestader i Hallingdal
- viktigheit av lokalkunnskap, nærleik
- bekymring for sentralisering av tenester
- funksjon og status til politikontakt
- utfordringar i forhold til reiseliv
- kva kan forventast av framtidig bemanning.

Vedtak

Dagleg leiar utarbeidar forslag til uttale til høyringsforslag til effektivisering av geografiske driftseiningar, tenesteeiningar og tenestestader i politidistrikt Sør-Øst, som Hallingtinget skal handsame på møte 16.november 2016.

SAK 09-16 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET

Dagleg leiar gikk raskt gjennom dagsaktuelle saker som det blir arbeid med i regionrådet (vedlagt presentasjon)

SAK 10-16 ØKONOMIPLAN 2017-2020 OG ÅRSBUDSJETT 2017

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2017, med ei kommunal finansiering på kr. 1.840.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2017, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2017 – 2020. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2017.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året. For 2017 rår Hallingtinget til at det blir løyvd kr. 200.000 for å dekke opp bruk av fondet i 2015.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

Framlegg frå Roger Toppen

Pkt. 2 blir stryke

Framlegg frå Ål kommune og litt drøfting i plenum

Endring av pkt. 4, 5 og 6 og nytt punkt 7.

4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
7. Hallingtinget ber om at avslutta prosjekt blir evaluert og sendt Hallingtinget til orientering.

Avstemming

Framlegg frå Roger Toppen fekk 1 røyst

Framlegg frå Ål kommune pkt. 4 -7) vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2017, med ei kommunal finansiering på kr. 1.840.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2017, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2017 – 2020. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2017.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
7. Hallingtinget ber om at avslutta prosjekt blir evaluert og sendt Hallingtinget til orientering.

SAK 11-16 FORSLAG REGIONAL PLANSTRATEGI FOR BUSKERUD 2017 – 2020, DRØFTING, UTTALE

Uttale

1. Sjølv om regional planstrategi i stor grad skal famne heile fylke er det særdeles viktig at fylkeskommunen evnar å legge planar og strategiar, som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Buskerud står overfor. Det er ulik «medisin» som må til i t.d. Drammensområdet og Hallingdal og dei regionale planane må evne å tilpassast dette.
2. Regional delplan for reiselivet er foreslått at ikkje skal vidareførast. For Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet, har det vore viktig å ha ein plan som har sett fokus på reiselivsnæringa, både i forhold til prioriteringar /ressursbruk og bevisstgjerung. Det er foreslått at i samarbeid med partnerskapet Team Reiseliv vil fylkeskommunen bidra til at

satsingar på reiselivsområdet blir integrert i oppfølging av Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping. Dette kan vera eit rett grep, men det blir endå viktigare at det både frå politisk hald og frå næringslivet blir arbeid systematisk og samordna, for å få fram prioriterte oppgåver/satsingar.

3. Regionrådet for Hallingdal ser det som grunnleggjande å ha eit sterkare fokus på å styrke eksisterande livskraftige næringar og utvikle nye type arbeidsplassar.
4. Hallingtinget ber Buskerud fylkeskommune om å ta inn regional plan for Norefjell-Reinsjøfjell i Regional planstrategi for Buskerud 2017 – 2020, og at arbeidet med denne planen startar så snart som råd.

SAK12-15 REGIONREFORMA

Anne Sandum orienterte om status for arbeidet med regionreforma og forhandlingane som no føregår mellom Buskerud, Akershus og Østfold (region Viken).

Forhandlingsutvalet har som oppgåve å komme fram til ei felles plattform som skal leggest fram for fylkestinga i dei tre fylka i desember 2016. Regjeringa tek sikte på legge frem forslag til ny kommunestruktur og regionstruktur for Stortinget 2017. Samanslåingar som blir vedteke av Stortinget, vil tre i kraft 1. januar 2020.

Hallingtinget drøfta saka utan at det i denne omgang vart gjort konkrete vedtak.

SAK 13-16 REVIDERING AV STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2017 – 2020 OG BYREGIONPROGRAMMET

Det vart kort tid til drøfting av strategisk plan. I tillegg til satsingsområde som låg i saka kom det forslag på at følgjande tema må inn i planen:

- Vidaregåande skule
- Det grønne skifte
- Store arrangement (verkeleg store) som Hallingdal må stå saman om

Vidare arbeid med Strategisk plan for Hallingdal:

- Regionrådet har fyrste arbeidsmøte nov. 2016, 1 dag.
- Førebels plan blir sendt kommunane til uttale, des. 2016
- Regionrådet har andre arbeidsmøte feb. 2017, 1 dag
- Hallingtinget handsamar forslag til plan våren 2017.

Ål 31.10.2016

Rett utskrift

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg:

Sak 08-16, presentasjon politimeister Christine Fossen

Sak 09-16, presentasjon arbeidet i Regionrådet, Knut Arne Gurigard